

Kvartalsrapport

3-2014



Frå kundearrangement på Geilo

SpareBank
HALLINGDAL VALDRES



Kommentarar 3. kvartal 2014

Konsernet

Konsernet omfattar morbanken og følgjande 8 heileigde dotterselskap

- EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS
- SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS
- SpareBank 1 Hallingdal Invest AS
- SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS
- SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS (tidl. HallingRegnskap AS)
- SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS (tidl. Valdres Regnskap AS)
- HallingRegnskap AS
- Valdres Regnskap AS

Dotterselskapa har innverknad på enkeltpostar i konsernrekneskapen, men har mindre innverknad på konsernresultatet. Etter 3. kvartal er samla verknad på konsernresultatet frå desse selskapa eit underskot på 4,2 mill. kroner etter goodwillavskrivningar.

Banken eig 7,8 % av Samarbeidende Sparebanker AS og 7,8 % i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS som er felleskontrollerte verksemdar eigd av 11 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank. Resultatandelen frå desse felleskontrollerte verksemdene inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morbanken og dotterselskapa. Resultatet i dei felleskontrollerte verksemdene utgjer 22,3 mill. kroner av det samla konsernresultatet på 90,2 mill. etter 3. kvartal.

Morbanken

Resultatutviklinga

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 3. kvartal på 81,0 mill. kroner som tilsvarar 1,52 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er klart betre enn for tilsvarende periode i fjor, og langt betre enn venta. Kvartalsresultatet er påverka av eit utbytte på aksjar og ein gevinst på sal av aksjar.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 116,5 mill. kroner mot 102,5 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 3. kvartal på 1,99 %. I same periode i fjor var rentenettoen 1,93 %.

Banken har overført bustadlån for 1,7 mrd. kroner til SpareBank 1 Boligkreditt (Boligkreditt). Dette utgjer 20,3 % av balanseførte og overførte lån. Legg ein i saman netto renteinntekter og provisjonsinntekter på overførte lån utgjer dette 2,29 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Netto andre driftsinntekter utgjer 76,9 mill. kroner mot 58,3 mill. i same periode i fjor. Aukning skuldast i hovudsak at det i kvartalet er inntektsført eit utbytte på 9,7 mill. frå selskapet SpareBank 1 Bankinvest II AS i samband med nedkvittering av aksjekapitalen i selskapet. I tillegg er det ein vekst i provisjonar på overførte lån til Boligkreditt. Ein ser også noko auke i provisjonar frå transaksjonsgebyr knytt til elektroniske betalningar (minibank, nettbank, kredittkort).

Driftskostnadane i 3. kvartal aukar frå 83,2 mill. i fjor til 88,9 mill. kroner i år. Mesteparten av veksten kjem frå auke i løns- og pensjonskostnader. Tilsette er auka med vel 6 årsverk sidan tilsvarende periode i fjor. Pensjonskostnadane er venta å bli ein del høgare i år. Andre driftskostnader har ein nedgang på nesten 1 mill. kroner frå same tidsperiode i fjor.

Resultatrekneskapen viser ein netto tapskostnad på 13,4 mill. kroner. Tapskostnaden fordeler seg med ca. 5 mill. på konstatering av tap og 8,4 mill. på auke i tapsnedskrivningar på utlån.

Norske bankar sine rekneskavar vil i 2014 bli prega av salet av aksjane i selskapet Nets AS som har gitt ein stor kursgevinst for bankane. Sjølv salstransaksjonen er gjennomført og bokført i regnskapet i 3. kvartal. Mange bankar som fører rekneskapen etter internasjonale reglar (IFRS), inntektsførte ei verdistingning på aksjane i samsvar med avtalt salspris allereie i 1. eller 2. kvartal og viste denne gevinsten på eit tidlegare tidspunkt.

Balanseutviklinga

Banken har ved utgangen av 3. kvartal ein forvaltningskapital på vel 8 mrd. kroner. Forvaltningskapitalen har auka med 10,2 % siste 12 månader.

Balanseførte utlån har ein vekst frå 3. kvartal i fjor på 413 mill. kroner. Overførte lån til Boligkreditt inngår ikkje i balanseførte utlån, men tek ein med desse er auken siste året på 616 mill. kroner eller 8,0 %. I privatmarknaden er veksten siste 12 månader på 233,3 mill. eller 4,3 % (inkludert overførte lån til Boligkreditt). Tilsvarende tal for bedriftsmarknaden er ein vekst på 383,2 mill. kroner og 16,4 %. Her utgjer lån til SpareBank 1-selskap ein del av veksten. Banken si relative balanseeksponering mot bedriftsmarknaden er 40,9 % av samla utlån. Utlån til privatmarknaden utgjer 59,1 %. Reknar ein med overførte lån til Boligkreditt er fordelinga 32,6 % / 67,4 %.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 3. kvartal 129,8 mill. av utlånsvolumet og er ein auke sidan nyttår på 24 mill. kroner. Misleghaldet utgjer 1,93 % av brutto utlån og har auka dei siste 2 kvartalane. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 50,9 mill. kroner per 3. kvartal. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av renteberande verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 385 mill. kroner (obligasjonar). Dette er fordelt med 22 mill. i statsgaranterte papir, 194 mill. i obligasjonar med fortrinnsrett (OMF), 124 mill. i bankobligasjonar og 45 mill. i industriobligasjonar og ansvarlege lån. Banken har ei samla portefølje av aksjar og aksjefond på 400 mill. kroner. Mesteparten av renteberande verdipapir samt ei portefølje av norske og utanlandske aksjar blir forvalta av eksterne forvaltarar. Aksjeforføljen til forvaltning er per 3. kvartal bokført til 39,5 mill. Banken har vidare aksjar i tilknytte konsernselskap (selskap nemnde i avsnittet om konsernet) bokført med til saman 51,5 mill. kroner. Aksjar i dotterselskap er bokført til 48,1 mill. kroner.

Innskota ved utgangen av 3. kvartal er på 5.104 mill. kroner, og er ein auke på 412 mill. siste 12 månader. Innskota fordeler seg med 3.060 mill. på privatmarknaden og 2.043 mill. innafor bedriftsmarknaden. Omrekna i prosent er auken siste 12 månader på 8,8 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalsslutt er på 76,0 % mot 74,5 % for eit år sidan.

Banken har per 3. kvartal til saman 1.777 mill. kroner i eksterne innlån, 6 obligasjonslån på til saman 1.577 mill. kroner, eit sertifikatlån på 100 mill. kroner og eit banklån pålydande 100 mill. kroner. Av innlånane har 400 mill. kroner løpetid på under eit år. Banken har i tillegg til denne finansieringa ein oppgjærskreditt på 40 mill. kroner.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 14,96 % ved utgangen av 3. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 13,5 %. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Framtidsutsikter

Mange bankar har varsla om justering i rente på innskot og utlån i 3. kvartal. Desse varsla rentejusteringane vil tre i kraft i løpet av 4. kvartal – også vår eigen justering. Resultateffekten av justeringa ser me først i etterkant og då med full verknad frå 1. kvartal 2015. Det er signal frå ulike hald om at me må forvente ytterlegare justeringar på utlånsrenta, men om dette skjer i 4. kvartal i år eller i 1. kvartal neste år er litt usikkert. Effekten vil heilt klart bli ein lågare rentemargin.

Resultateffekten av salet av aksjane i Nets er ytterlegare forsterka med nedkvitteringa av aksjekapitalen i Samarbeidende Sparebanker AS (Samspar). Denne aksjekapitalen er erstatta av lån til selskapa og har difor ingen likviditetsmessig effekt for banken.

Sjølv om ein ser bort frå dei ekstraordinære gevinstane så langt i år, leverer banken eit svært godt resultat. Resultatet for 2014 ser ut til å bli betydeleg betre enn forventet. Endringar i kundane sin bruk av banken og forventet lågare rentemargin krev at banken klarar å ta ut driftsmessige effektiviseringsgevinstar for å kunne levere gode resultat i framtida.

EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS innfrir forventningane hittil i år gjennom svært gode salstal i Hallingdal, samstundes som selskapet har ein fin porteføljevækst på eigedomar for sal i den nystarta avdelinga i Valdres.

Hallingdal, 30.09.14/11.11.14

Kjell Vidar Bergo Åge Sandsengen Sissel Bjørøen
Formann Nestformann

Odd Holde Tore Østlund Kristin Ourom Vidar Isungset

Resultatrekneskap 3. kvartal 2014

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK					KONSERN					
Året 13	3. kv. 13	3. kv. 14	30.09.13	30.09.14		30.09.14	30.09.13	3. kv. 14	3. kv. 13	Året 13
299 099	77 667	81 784	220 455	242 153	Renteinntekter og liknande inntekter	239 421	222 477	80 866	81 152	295 979
157 987	39 992	42 672	117 970	125 641	Rentekostnader og liknande kostnader	125 632	122 610	42 707	44 225	158 016
141 112	37 675	39 112	102 485	116 512	Netto rente- og provisjonsinntekter	113 789	99 867	38 159	36 927	137 963
9 068	-69	7 457	12 498	23 396	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	36 596	20 342	18 397	8 476	24 593
62 475	16 150	17 891	45 572	52 494	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	52 494	45 572	17 891	16 150	62 475
7 021	1 937	1 499	5 362	4 703	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	4 703	5 362	2 901	1 938	7 021
4 580	1 261	672	3 702	3 931	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	3 931	3 702	672	1 262	4 598
2 803	476	402	1 864	1 791	Andre driftsinntekter	55 276	54 850	14 026	15 703	70 768
71 905	15 882	24 923	58 274	76 909	Sum andre inntekter	143 594	119 104	48 085	39 653	155 413
213 017	53 557	64 035	160 759	193 421	Sum driftsinntekter	257 383	218 971	86 244	76 580	293 376
62 855	15 420	17 203	41 978	46 728	Personalkostnader	85 462	78 557	28 371	26 021	111 548
32 432	7 327	6 456	23 386	23 315	Administrasjonskostnader	23 038	22 723	5 114	6 657	31 910
3 509	861	915	2 668	2 689	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	11 898	11 422	4 023	3 793	15 223
21 562	4 904	5 936	15 214	16 156	Andre driftskostnader	23 120	20 561	6 802	7 135	31 160
120 358	28 512	30 510	83 246	88 888	Sum driftskostnader	143 518	133 263	44 310	43 606	189 841
92 659	25 045	33 525	77 513	104 533	Resultat før tap	113 865	85 708	41 934	32 974	103 535
10 976	3 874	4 201	11 180	13 387	Tap på utlån, garantiar mv	13 387	11 180	4 201	3 874	10 976
-881	-	-10 645	-881	-10 503	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	-10 503	-872	-10 646	9	-881
82 564	21 171	39 969	67 214	101 649	Resultat etter tap	110 981	75 400	48 379	29 091	93 440
20 860	8 300	5 500	18 000	20 600	Skatt på ordinært resultat	20 801	19 388	5 231	8 556	21 280
61 704	12 871	34 469	49 214	81 049	Resultat av ordinær drift etter skatt	90 180	56 012	43 148	20 535	72 160
61 704	12 871	34 469	49 214	81 049	Resultat	90 180	56 012	43 148	20 535	72 160

Nøkkeltal

	MORBANK			
	3. kv. 14	3. kv. 13	Året 13	Norm 13 ¹⁾
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,99	1,93	1,96	1,79
Driftskostnader i % av driftsinntekter	45,96	52,76	57,37	51,80
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,52	1,63	1,73	1,37
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	13,84	9,55	8,70	11,07
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	11,04	6,99	6,50	8,15
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,20	0,18	0,67	0,21
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md.	6,56	21,09 ²⁾	10,37	4,73
Overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt AS (1000 kr)	1 694 344	1 440 177	1 556 673	
Utlånsvekst i % siste 12 md. inkl. overført Boligkreditt	7,97	23,61 ²⁾	13,62	8,12
Innskotsvekst i % siste 12 md.	8,79	22,56 ²⁾	5,01	6,61
Innskot i % av brutto utlån	76,04	74,48	72,51	82,28
Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 md.	10,22	25,42 ²⁾	10,99	5,01
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)	837 094 ³⁾	903 363	946 868	
Kapitaldekning	14,96 ³⁾	16,27	17,72	18,45
Eigenkapitalprosent	12,86	13,11	12,85	9,75
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,76	0,70	0,67	0,73

¹⁾ Byggjer på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner.
²⁾ Vekstprosenten er påverka av fusjonen med Øystre Slidre Sparebank i november 2012. ³⁾ Nytt regelverk frå 3. kvartal (CRD IV)

Dotterselskap

Tal i heile 1000 kroner

DRIFTSINTEKTER	30.09.14	30.09.13	Endring	RESULTAT FØR SKATT	30.09.14	30.09.13	Endring
EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	22 392	16 921	5 471	EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	2 618	1 829	789
SpareBank 1 Hallingdal Eieendom AS	6 536	7 155	-619	SpareBank 1 Hallingdal Eieendom AS	-393	1 166	-1 559
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	0	0	0	SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	-598	-455	-143
SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS	21 260	22 508	-1 248	SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS	849	1 817	-968
SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS	12 277	14 540	-2 263	SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS	-999	920	-1 919
SpareBank 1 ValHall Eieendomsutvikling AS ⁴⁾	2 453	402	2 051	SpareBank 1 ValHall Eieendomsutvikling AS ⁴⁾	-732	-324	-408
Sum	64 918	61 526	3 392	Sum	745	4 953	-4 208

⁴⁾ Selskapet starta i 2013

Balanse per 30. september 2014

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
31.12.13	30.09.13	30.09.14	EIGEDELAR	30.09.14	30.09.13	31.12.13
77 975	133 532	236 488	Kontantar og fordringar på sentralbankar	236 488	133 532	77 975
79 161	176 831	297 735	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	287 297	177 288	79 338
6 544 737	6 299 127	6 712 280	Brutto utlån til og fordringar på kundar	6 609 980	6 200 631	6 451 412
-15 052	-15 663	-20 867	- Individuelle nedskrivningar	-20 867	-15 663	-15 052
-28 500	-28 500	-30 000	- Gruppevise nedskrivningar	-30 000	-28 500	-28 500
6 501 185	6 254 964	6 661 413	Netto utlån til og fordringar på kundar	6 559 113	6 156 468	6 407 860
22 099	2 482	22 099	Overtekte eigdejar	22 099	2 482	22 099
359 014	358 089	385 191	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	385 191	358 089	359 014
180 495	144 207	287 312	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	302 387	144 689	195 571
90 326	103 252	51 552	Eigarinteresser i tilknytt selskap	118 452	169 899	148 579
52 294	53 296	48 063	Eigarinteresser i konsernselskap	-	9	-
2 602	3 458	2 602	Immatrielle eigdejar	23 217	30 654	27 976
15 833	15 822	15 196	Varige driftsmidar	124 304	112 742	117 987
15 141	28 892	18 326	Andre eigdejar	34 021	44 894	30 836
51 890	51 087	48 352	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	75 915	75 520	78 851
7 448 015	7 325 912	8 074 329	Sum eigdejar	8 168 484	7 406 266	7 546 086
			GJELD OG EIGENKAPITAL			
100 000	100 148	100 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	100 000	101 107	113 067
4 745 742	4 691 403	5 103 699	Innskot frå og gjeld til kundar	5 099 277	4 684 469	4 741 537
1 559 053	1 451 283	1 676 773	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 676 773	1 451 283	1 559 053
59 207	30 313	57 555	Anna gjeld	61 188	39 337	63 076
14 812	76 627	81 907	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	92 930	85 882	24 959
11 985	15 962	16 230	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	21 062	19 936	17 020
6 490 799	6 365 736	7 036 164	Sum gjeld	7 051 230	6 382 014	6 518 712
805 700	805 700	805 700	Eigenkapitalbevis	805 700	805 700	805 700
75 000	75 000	75 000	Grunnfondskapital	75 000	75 000	75 000
7 406	2 069	7 406	Andel resultat grunnfondskapital	7 406	2 069	7 406
11 581	11 581	11 581	Overkursfond	11 581	11 581	11 581
899 687	894 350	899 687	Sum innskote kapital	899 687	894 350	899 687
-	-	-	Fond for vurderingsulikheter	81 488	66 648	72 842
-	-	-	Anna eigenkapital	-11 530	-9 370	-2 684
11 739	11 789	11 639	Gåvefond	11 639	11 789	11 739
44 614	3 678	44 614	Utljammingsfond	44 614	3 678	44 614
1 176	1 145	1 176	Kompensasjonsfond	1 176	1 145	1 176
57 529	16 612	57 429	Sum bundne fond / frie fond	127 387	73 890	127 687
	49 214	81 049	Resultat hittil	90 180	56 012	-
957 216	960 176	1 038 165	Sum eigenkapital	1 117 254	1 024 252	1 027 374
7 448 015	7 325 912	8 074 329	Sum gjeld og eigenkapital	8 168 484	7 406 266	7 546 086
			POSTAR UTANOM BALANSEN			
632 109	607 502	653 120	Betinga forpliktingar	653 120	607 502	632 109

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
MISLEGHALDNE LÅN	3. kv. 14	3. kv. 13	Året 13
Brutto misleghaldne lån	129 772	110 899	105 462
- individuelle nedskrivning	15 631	13 623	13 425
NETTO MISLEGHALDNE LÅN	114 141	97 276	92 037
IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	5 520	3 646	3 300
- individuelle nedskrivning	4 890	1 598	1 500
NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.	630	2 048	1 800
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTJAR			
Endring gruppe nedskrivning	1 500	6 000	6 000
Endring individuell nedskrivning	6 926	3 402	3 136
Konstatert tap i perioden	5 051	1 886	5 413
Inngått på tidl.konst. tap	-90	-108	-3 573
TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)	13 387	11 180	10 976

Telefon 03202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Kontor: Geilo, Ål, Gol, Hemsedal,
Fagernes, Heggnes og Beitostølen

SpareBank
HALLINGDAL VALDRES

